

Uskedeling med på gull-lag

12.11.2009

Uskedelingen Anders Bakke Berntsen, som nå går tredje og siste året på Haugesund Toppidrettsgymnas har vore med og vunne KM-gull for Vards G19-lag. På biletet over står han som nummer to frå venstre. Vard vann 3-1 over Staal Jørpeland då dei sikra seg gullet og endte eitt poeng foran Bryne og Vidar.

Haugesunds Avis skriv at det truleg er 10 år sidan sist Vard vart krinsmeister for Rogaland..

Men sesongen var rar og rotete, innrømmer trenaren, Ingarth Jacobsen.

29 spelarar er nytta, det har vore store utskiftningar og oftast har det vore få på trening. Likevel har alle involverte stått på og til slutt vann altså laget.

Eit viktig poeng har vore at fleire av spelarane har trent med A-laget i heile år.

Relativt mange 19-åringar som har vore med i år er no ferdig med juniorfotball.

(Foto: Haugesunds Avis)